# Ei historieforteljing med sjumilssteg



Straume ca 1960



Straume ca 2020



# Folketalet i Fjell (31. des.)





# Brutto driftsbudsjett for Fjell kommune







# Trafikk over Sotrabrua
# ÅDT




| | 1975 | 1985 | 1990 | 2019 |
|---|---|---|---|---|
| ÅDT (ca) | 2 000 | 5 000 | 10 000 | 28 000 |







# Næringsliv

- CCB-basen, Ågotnes
  - Største oljebasen i Noreg
  - Undervassteknologi



- Handel og bustadutvikling





- Fiskeri og marin næring

# Stor utvikling på Ågotnes






# Offisiell opning av Namtvedt sitt anlegg på Ågotnes 15.10.1971



## 15. oktober 1971 – 18 mål under Namtvedts tak

Fabrikkanlegget er på hele 16.500 $m^2$, hvorav ca. 2.000 $m^2$ ligger i underetasjen, i plan med kaien.

Kaien er 160 m lang. Innseilingen er fra nord og havnen er godt skjermet uansett vindretning.

I tillegg til fabrikkanlegget er det reist et frittliggende administrasjonsbygg på 1.650 $m^2$, fordelt på 2 plan. Administrasjonsbygget er av samme type som Namtvedt markedsfører.

I alt har Namtvedt ervervet 135 mål som løper fra sjø i vest til sjø i øst. 50 mål er foreløpig planert og skal foruten det som er medgått til bygninger og kai, også gi plass for parkeringsplasser og grøntanlegg. Videre skal det oppføres verksteds- og servicehaller for vedlikehold av maskin- og bilpark.

Hele anlegget har kostet bortimot 20 mill. kroner.

Sprengnings- og planeringsarbeider ble utført av entreprenørfirmaet Jakob Skoge. Støping av kai, fundamentering og reisning av søyler ble utført av F. Selmer A/S. Konsulent har vært G. Block Watne A/S. Den videre byggingen er utført i Namtvedts egen regi.

Ågotnes ligger på Sotra — i Fjell Kommune, 27 km med bil fra Bergen sentrum, over den nye Sotra-broen. Sjøveien er 9 nautiske mil, og luftveien fra Flesland 15 km.

Siden 1. januar 1970 og frem til overflyttingen til Ågotnes, øket tallet på medarbeidere hos Namtvedt med over 100 personer. Totalt beskjeftiger bedriften 350 - 400 personer.

VestLand
08.03.1973

# Storsatsing på Ågotnes

OLJEBASEN PÅ ÅGOTNES:

## Sum tilsvarande Fjell-budsjettet i 1973!

*17 MILLIONAR TIL KAIAR M. V. INNAN 17. NOV–*

Den vidare utbygginga av oljebasen på Ågotnes skal ta til 9. april og vera ferdig 9. november i år. Det skal investerast 17 millionar kroner i ca. 85 mål med djupvasskaiar med samla kailengd 200 meter, ca. 6 000 rutemeter lagerhallar og 1 300 rutemeter kontor.



Administrerende direktør Peter B. Namtvedt

Det er H. Namtvedt og Jacob Stolt-Nielsen jr. som skal samarbeida om utbygginga. Utviklinga på Brent-feltet i det siste gjer det naudsynt med ein eller fleire basar i bergensområdet, heiter det i ei pressemelding.

Jacob Stolt-Nielsen, som m. a. er styreformann i Det Norske Oljeselskap, har også engasjert seg mykje på annan måte i oljesektoren.

VestLand
03.09.1974




Flaggsmykka baseområde i høve dagen.

# COAST CENTER BASE OFFISIELT ÅPNA

## Statssekretær Hirsti klipte snora

Den offisielle opninga av Coast Center Base på Ågotnes vart føreteken mandag kl. 12.00. Det var statssekretær Reidar Hirsti, - tidlegare redaktør i Arbeiderbladet i Oslo, no statsråd, Ingvald Ulveseths høgre hand i Industri-departementet - som klipte snora. Kort etter sette ein truck seg i rørsle og foretok den symbolsk første transporten av supply-materiell mot kaien der fleire båtar låg. Samstundes gjekk ei rekkje rakettar i veret, og på eit lite stillas vart bokstavane CCB synlege i eldskrift. Vidare var det flaggheising til tonane av «Ja vi elsker». Landro skulemusikkorps stod for den musikalske sida av saka, og spela trufast under heile sermonien som starta i ti-tida med omvising. Men først hadde direktør Haveland ved CCB helsa gjestane velkomne til basen. Direktør Erik Larssen var guide under omvisninga som baud på mykje interessant og lærerikt nytt av alle slag.

Grunna tidsnaud og manglande kapasitet i redaksjonen får vi ikkje med meire om denne saka i dette nummeret, men vi lovar å koma attende med breidare dekning seinare, - i alle fall dekning av det som våre Bergens-kollegaer ikkje i mellomtida har presentert.



Statssekretær Reidar Hirsti klipper snora.



# Planlegg «Straume by»

**No skal Straume by planleggjast. Kommuneplanleggjar Atle Justad har fått klare signal frå politikarane om at dei ynskjer eit slikt dokument.**

**-Vi må politisk sette premissar for korleis vi vil ha kommunesenteret vårt. Om det skal få eit urbant preg, eller ei utforming meir i tråd med dei landlege tradisjonane i kommunen. Personleg trur eg vi får ei mellomløysning, seier Atle Justad til VestNytt.**

ØYVIND LØLAND

Kommuneplanleggjaren nektar for at han no skal planleggje ein «Straume by», men seier samstundes at Straume i framtida mest sannsynleg får eit meir urbant preg.

-Det skjer så mykje i området at kommunen er nøydde til å utarbeide retningsliner for korleis vi vil ha kommune- og regionssenteret vårt, seier Justad. I formannskapet mandag orienterte han politikarane om saka. Signala var klare: Det skal utarbeidast ein plan for området, som også skal omfatta nordre Bildøy. Når planen kjem på bordet skal den gjennom ein brei offentleg debatt. Frå fleire hald blei det yttra ynskje om eit folkemøte om saka. Men det kan gå over eit år før eit planutkast er ferdig.



*BYPLANLEGGJAR: Atle Justad går no gong med planlegginga av det som kan blir «Straume by».*

**BYSTATUS?**

-Eg ser for meg ein tettare bygningsmasse sett i høve til andre stader i kommunen. Eit av dei viktigaste spørsmåla er bustadbygging i forhold til næringsbygg. Personleg ser eg for meg eit auka innslag av bustader i sentrumsområdet. Det er viktig om vi skal få eit sentrum som er levande også etter at butikkane stengjer.

-Når blir det søkt om bystatus?

-Eg ser ikkje noko poeng i det. Vi skal lage ein plan for å få eit kommunesentrum som tener alle formål. Samla funksjonar er viktig for å få minst mogleg transport. Det er også eit viktig poeng å få til eit triveleg miljø.

**SIKRE ARBEIDSPLASSAR**

-Er dette ein plan som du trur folk i kommunen har generell interesse av?

-Det vil eg ikkje ha formeiningar om. Men ein skal hugse på at området representerer 600-700 arbeidsplassar. Desse må vi sikre, ved sidan av at vi får ei planmessig utvikling av området, meiner Atle Justad.

VestNytt 17.06.1992

# Sotra Kystby









# Øygarden lokalmedisinske senter



# Fornying av skular










# Fornying av barnehagar





# Storstova vår; Sotra Arena










Fjell kommune

# Helselandsbyen på Straume



Helselandsbyen: Kommunale og regionale tiltak for Askøy, Fjell, Sund og Øygarden
i samarbeid med Helse Bergen.

# Samlokalisering av helse- og omsorgstenester (1986-2017)

- Kommunalt helsesenter m/ interkommunal legevakt
- Bu- og servicesenter m/ dagtilbod
- Sjukeheim m/ aldersdementavdeling
- Omsorgsbustader
- Terapisenter
- Vaksenopplæring
- Kraftsenter for integrering/helse
- Private legespesialistar
- Dialysesatellitt
- Ambulansestasjon
- Øyane distriktspsykiatriske senter
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk
- Intermediær avdeling
- Strakshjelp (ØH-senger)
- Lokalmedisinsk senter (under bygging)
- JordmorHeim-interkommunal pol.kl.
- Tannhelse (fylkeskommunal)



# Nokre historiske glimt………….



LØRDAGS-AVISA Sotra-Nytt LAURDAG 22.DESEMBER 1984

# BRU-GLEDE PÅ ALGRØY OG TOFTØY

**Fredag var ein gledens dag for Algrøy og Toftøy. Nyvegen til desse øyane vart då offisielt opna for trafikk. Samstundes opna rutelaget buss-køyring på begge stadene, samstundes som ferjerutene til begge stader vart nedlagt. I vest står no Dyrøy utan noko transporttilbod for post og anna. I nord betyr nedlegginga av ferjeruta at ferjene sparer inn ti minuttar pr.tur frå Solsvik til Rognesund. Dermed får ein lurt inn fleire ruter kvar dag. Med til soga høyrer også at det førebels vert Sotra Taxisentral som køyrer ruten på Algrøy. Dette skal vare fram til snuplassen vert ferdig om eit par månaders tid.**

### Veg til Algrøy

Den nye vegen til Algrøy vart opna for trafikk fredag 21. desember.

Etter at Langøysundet bru stod ferdig for nokre år sidan, har arbeidet gått vidare meir eller mindre i periodar. Frå brufestet på Langøy er det bygd om lag 1 km veg vidare over Langøy. Den 133 m lange Torvsundet bru stod ferdig i midten av november, og samstundes med denne er det også bygd veg på Algrøy, i alt kring 1,6 km. Frå brufestet på Langøy utgjer dette ei vegstrekning på omlag 2,8 km. I alt har anlegget kosta kring 11 mill. kroner.

Ein del arbeid står framleis att. Det gjeld m.a. snuplassen for bussen, som vi reknar med vil stå klar i midten av januar. Rekkverk vil og bli sett opp seinare.

### Øygardsvegen køyrbar til Toftøy

Fredag 21. desember vart også vegstrekninga Misje - Svelgen - Toftøy opna for trafikk.

Då vegen over Misje stod ferdig kring årsskiftet 1982/83, stod det att ca. 200 m fram til brufestet for Svelgen bru. Den nye vegstrekninga startar her, inkluderer den 280 m lange Svelgen bru og strekkjer seg fram til krysset med fylkesvegen på Toftøy, i alt nær 2,3 km.

Svelgen bru har kosta 14,8 mill. kr. medan vegen på Toftøy kom på 8,5 mill kr. Av det siste beløpet er det gått om lag 1 mill. kr. til arkeologiske utgravingar.

Det er inngått avtale om visse sikringstiltak i Elvebakken ved Solsvik, der trafikantane må ta av for å koma inn på vegen til Misje. Mellom anna vil her koma humpar. Dessutan vil ein ta i bruk dei første to km av strekninga Ågotnes-Vindenes torsdag denne veka. Denne parsellen er i alt på 4 km.

Arbeidet på Rongesundet bru er no i full gang, og etter planen skal Øygarden ha ferjefritt samband til 1. april 1986.



1988: \\Admfil\atljus\Jubileum 2014\Jubileum 2014_27 01 2015\Jub 270115 Ferdig presentasjon m koplingar\Historie 89.pptx

Sotra-Nytt 22.12.1984

# Opning av Kolltveit-tunnelen



NYTT TELEFONNUMMER: 05 33 40 00

VEST NYTT

LOKALAVIS FOR FJELL, SUND OG ØYGARDEN
onsdag 24. juni 1992

ONSDAG

nr. 49

STORAVISA I REGIONEN

LAUSSAL KR. 5,-

## Du sparar tre minutt



**Veganlegg opnar i dag**

*Du sparar tre minutt på den nye Kolltveit-tunnelen, visar ein test som VestNytt har gjort.*

**I dag vert den vel ein kilometer lange Kolltveit-tunnelen opna for trafikk. Du sparar vel tre minutt på strekninga Morland-Bildøy. VestNytt testa denne veka den nye parsellen, og det er både minuttar og kilometer å spara.**
**Vegen og tunnelen har kosta 53 millionar kroner og er delvis betalt av A/S Norske Shell. Champagnekorkane vil sprette klokka 14.00. Då vert Bildøybakken historie.**

SIDE 6



NYHETER

LAURDAG 27. JUNI 1992 VN

*Shell-direktør Maartin Geurtsen (tv) og fylkesmann Håkon Randal åpnet onsdag den etterlengta vegtunnelen under Kolltveit.*

## Tunnel-takk til Øygarden

**- Det er Øygardsmannen vi må takke for at vi har fått tunnel under Kolltveit. Hadde det ikke vært for det som skjer på Kollsnes, ville vi aldri ha fått denne tunnelen.**

GUNDER CHRISTOPHERSEN

Gamle-ordfører Olav Midttun i Fjell var ikke i tvil om hvem som skulle ha æren for at Kolltveit-tunnelen nå ble åpnet. Under festmiddagen etter den selve offisielle båndklippingen korrigerte han både vegkonto- vegparsellen ville få for trafikkløsningen for Sotra og Øygarden.

- Anleggsarbeidet startet 11. januar 1991 og Statens Vegvesen var vel 10 prosent billigere enn sine konkurrenter. Vi kommer ikke til å tape penger på dette prosjektet, forsikret vegsjef Josef Martinsen.

Kolltveit-tunnelen med tilstøtende veger koster 53 millioner kroner. I tillegg kommer Spjeldstunnelen på sju millioner kroner Trollgruppen finansierer anlegget med 29 millioner og gitt ytterligere 29 millioner som forskuttering.

VestNytt 24.06.1992

VestNytt
Nr. 92 Onsdag 2. desember 1992 Laussal kr. 5,00

**Ny kabaret fra Fjellkoret**
Se sistesiden

# Rein luftlinje til Kollsnes?



*Stålmaster av denne typen kan være på plass fra Litle-Sotra til Kollsnes allerede i 1996.*

**Stålmaster og 300 kV-linjer fra Litle-Sotra og helt frem til Kollsnes kan komme allerede i 1996. Norges Vassdrags-og Energiverk ønsker å vurdere hele kraftlinje-diskusjonen om igjen.**

**I februar 1991 fikk Øygarden kommune godkjennelse for kabling over Rongøy. Dette kan nå gå i vasken.**

**- Det er en prisforskjell på 22 millioner kroner mellom kablingen over Rongøy og et rent luftspenn. Dette må samfunnet vurdere om vi har råd til, sier seksjonsleder Arne Olsen ved NVE.**

**For Øygarden kommune kommer denne meldingen som et sjokk. Kommunen hadde ikke regnet med at kraftlinjene var aktuelt før langt ut i neste århundre.**

SIDE 3

VestNytt 02.12.1992

# TROLL-GASS TIL ØYGARDEN?



På ein konferanse om ilandføring og bruk av naturgass på vestlandet onsdag, oppmoda fylkesordførar Ole Dramdal Hordaland Industriforening til å ta initiativ til å opprette eit gassutval.

- Vi tar utfordringa og vil greie ut ein plan for ilandføring av Trollgassen til Øygarden som eit alternativ til midt-Noreg og Kårstø, seier Asbjørn Algrøy (bildet), administrerande direktør i Hordaland Industriforening til VestNytt. Gasskraftverk på Sture vart og drøfta på konferansen.

- Det er klart at ei ilandføring av gass til industrielle føremål i Øygarden er mogeleg både praktisk og økonomisk uansett kor hovedleidninga vert lagd, hevda Otto Åberg, administrerande direktør i i Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap. Troll-feltet ligg berre 54 km. rett vest for Bergen.

SIDE 3

**I 1996 vart Kollsnesanlegget opna av Kong Harald**

Vestnytt 17.09.1988

# GRATULERER

**I helga er det flyttesjau i Fjell kommune. Mandag startar dei kommunetilsette arbeids-dagen i nye lokaler på Straume.**
**Vi har sett nærare på detaljane bak rådhusbygginga, og har kontakta sentrale aktørar. Vi gratulerer Fjell kommune med nytt rådhus og kulturhus.**

**Les våre temasider side 10-15.**



Tekst: Nils Martin Odland
Foto: Marit Hommedal/ProMedia

Vestnytt 03.12.1988

**VEST NYTT**

LOKALAVIS FOR
FJELL, SUND OG ØYGARDEN
lørdag 22. april 1989 nr. 31

# PÅ PLASS I "BORGEN"



*Endeleg på plass. Kommunalminister Kjell Borgen, varaordførar Bjørn Christensen og ordførar Harald Rød kunne fredag nyta utsikta frå kommandofløyen i Fjell Rådhus, frå no av kallt "Borgen". (FOTO: IVAR FJELD)*


**Størst i karosseri og lakk på Sotra**

AS FJELL LAKK
FLK
& KAROSSERI

KOLLISJON? RING FLK!
Hurtig • Rimelig • Fagmessig
Service person-/ lastebil
Garanti på utført arbeid

NAF

AVD. FJELL 331520/332745
AVD. BRATTHOLMEN 336960/ 336962

REDNINGSBIL 24 TIMER - MOBILTLF. 090-71412


**I går kveld vart det nye Fjell Rådhus opna av kommunalminister Kjell Borgen. Ei storstove for kultur og administrasjon er rådhuset blitt - og prisen er 78,5 millionar. Ved opninga var det begrensa plass, men det vil ein retta på i dag. Mellom klokka 1000 og 1400 er det ope hus for alle som ønskjer å sjå det nye bygget og møta dei som har huset som sin arbeidsstad.**


**SIDE 3**


## KOMMUNALMINISTEREN LOVER

# Vekst-vurdering av Fjell

*AV GEIR MAGNUS NYBORG*

- Departementet vil se på de ulike faktorer som spiller inn når det gjelder overføringer til kommunene. Vi bør fange opp behovene i de kommuner som ikke er typiske. Fjell er den landkommunen i landet som har størst vekst. Derfor er den tilgodesett med 11,7 millioner i den tiltakspakken Stortinget nå har behandlet. Utover dette kan ikke Fjell regne med å få mer i inneværende år.

Dette sa kommunal- og arbeidsminister Kjell Borgen på en pressekonferanse i Fjell Rådhus i går ettermiddag. Borgen kom for å stå for den høytidelige åpningen av det nye rådhuset. I den forbindelse var han på en rundtur i kommunen, og spørsmålet om Fjell sin spesielle situasjon som vekstkommune ble drøftet.

- Når det gjelder sjukeheimen er det lagt inn som en fast overføring. Fjell vil dermed få vel to millioner kroner på årsbasis til sjukeheimen, sa ordfører Harald Rød.

Kommunalministeren var opptatt av den store arbeidsledigheten i Hordaland og region vest. Han la fram regjeringens tiltak for å avhjelpe denne situasjonen. Det gjelder "Arbeid for trygd" som vil gi sende 10.000 mennesker ut i arbeid. Det gjelder også en utvidelse av Husbankens rammer som vil skape aktivitet innen bygg og anlegg. På grunn av at et stadig økende antall kvinner går ut i arbeidslivet, er barnehagene er satsningsområde. Dessuten mente Kjell Borgen at Hordaland burde få del i ekstra midler til veibygging - ikke minst på grunnn av den vilje det har vært til å bidra selv i form av bompenger og annet.

VestNytt kommer tilbake med mer fra ministerens besøk og åpningen av rådhuset i onsdagsavisen.

VestNytt 22.04.1989

